

Notat

Dato: 09.08.2016
Arkivsak: 2016/1021-5
Saksbehandlar: marerik

Lokal takstforskrift - beredskapstakstar og gratis kollektivtilbod på dagar med fare for høg luftforureining - Vegdirektoratet si vurdering

Viser til politisk sak i fylkestinget 8. mars 2016 (sak 18/2016). Vedtak i fylkestinget og bystyret i Bergen er, med brev datert 13. april 2016, sendt til Samferdselsdepartementet som grunnlag for utarbeiding av lokal takstforskrift.

Samferdselsdepartementet har bedt Vegdirektoratet om å vurdere det lokale initiativet og utarbeide utkast til lokal forskrift som grunnlag for departementet sitt vedtak i saka. Vegdirektoratet har, i brev datert 7. juli 2016, svart ut departementet sin førespurnad (sjå vedlegg). Vegdirektoratet sitt forslag til lokal forskrift er ikkje i tråd med vedtak i fylkestinget og bystyret i Bergen.

Samandrag av brev frå Vegdirektoratet til Samferdselsdepartementet, datert 7. juli 2016

Vegdirektoratet tilrår innføring av forskrift, men med følgjande endringar, jamfør lokale vedtak:

- Vegdirektoratet vurderer at bruk av bompengar til å dekke kostnaden av auka kapasitet i kollektivtransporten er i tråd med vegloven § 27, første ledd. Vidare vert det derimot presisert at bruken av bompengar må vere avgrensa til eventuell meirinntekt av tiltaket med beredskapstakstar. Eventuelle kostnader av auka kapasitet i kollektivtransporten, utover eventuelle meirinntekter av tiltaket, må ansvarleg mynde, fylkeskommunen, sjølv stå ansvarleg for.
- Vegdirektoratet vurderer at bruk av bompengar til å dekke bortfall av billettinntekter som følgje av innføring av gratis kollektivtransport ikkje er i tråd med vegloven § 27, første ledd. Vegdirektoratet sin vurdering er at eit tiltak må gje ein forbetring av transportsystemet for å kunne vere dekket av omtalte paragraf og at gratis kollektivtransport ikkje inneberer ein slik forbetring av transportsystemet. Ansvarleg mynde, fylkeskommunen, må sjølv handtere bortfall av billettinntekter som følgje av gratis kollektivtransport.

Fylkesrådmannen sine merknader

Saka ligg no til handsaming i Samferdselsdepartementet. Forslag til forskrift vert sendt på formell høyring, til berørte partar, før endeleg vedtak vert fatta i departementet. Forventa tidspunkt for høyring er hausten 2016. Dersom Vegdirektoratet sitt forslag til forskrift vert ståande, vil det påføre ein ekstrakostnad på anslagsvis 2,25 mill. kroner per dag noko som ikkje er i samsvar med fylkestingets vedtak. Administrasjonen vil kome attende med politisk sak når forslaget til forskrift er lagt ut på høyring. Spørsmålet om fordeling av kostnader og tapte billettinntekter, som følgje av tiltaket, vil vere eit sentralt tema i uttalen.

Vedlegg1 16_59468-9Lokal takstforskrift for Bergen vedrørende forhøyet bompengavgift på dagar med høg luftforurensning med vedlegg